



Prosedyre for å sikre retten til eit godt og trygt skulemiljø Oppfølging av Opplæringslova kapittel 12 skulemiljøet til elevane

Føremål

Sikre at skulane og skulefritidsordning (SFO) arbeider systematisk for å førebygge, avdekke og handtere mobbing og anna krenkande atferd

Omfang

Prosedyra gjeld for elevar i grunnskule, leksehjelpsordninga og skulefritidsordninga (SFO) i Lærdal kommune; jf. Opplæringslova § 12-1

Ansvarleg

Rektor ved den enkelte skule er ansvarleg for at prosedyra vert gjort kjent og vert fulgt.

Den enkelte ansatte skal:

- Delta aktivt i skulen sitt systematiske arbeid for å fremja eit trygt og godt skulemiljø
- Straks melde frå til rektor ved mistanke om, eller når det vert varsla om krenkande atferd eller mobbing
- Kontaktlærarar er ansvarlege for å jobbe førebyggjande
- Kontaktlærer er i lag med andre tilsette i klassen ansvarleg for kartlegging og analyse av læringsmiljøet, samt lojalt følgje opp skulen sine tiltak for å betre læringsmiljøet - spekter digital etter elevundersøkinga ligg føre

§ 12-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring

§ 12-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skulen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Krenking:

Direkte handlingar og verbale uttrykk retta mot eleven

Indirekte handlingar som utestenging, isolering og baksnakking

Skulane i Lærdal skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

§ 10-8 Informasjon til elevane og foreldra

Kva	Korleis	Når	Ansvar
Informasjon om at elevane har rett til eit trygt og godt skulemiljø	Informasjon på foreldremøte. 1.skuledag	Kvar haust og vår	Kontaktlærarane Rektor
Informasjon om aktivitetsplikta	Informasjon til Skulemiljøutvalet/samarbeidsutvalet, FAU og elevrådet.	Kvar haust	Rektor
Informasjon om høve til å melde saka inn til Statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor minimum ei veke før	Alle føresette får melding via Visma Flyt Skole om kvar dei finn informasjon om kapittel 12		Rektor
	Kontaktlærarane informera sine elevar.	Ved skulestart kvart år	Kontaktlærarane
	Informasjon på heimesida til Lærdal kommune	Frå hausten 2024	Kommunalsjef oppvekst og utdanning
Informasjon om tilhøve ved skulen som kan skade helsa til elevane	Føresette får melding via Visma. Samarbeidsutvalet og elevråd skal haldast informert og takast med i	Snarast mogleg når tilhøve oppstår.	Rektor



Ein elev som ikkje har det trygt og godt på skulen	arbeidet med skulemiljøtiltak så tidleg som mogleg. Ein elev som ikkje har det trygt og godt på skulen, skal mellom anna få informasjon om Kva retten til å verte høyrte inneber Korleis medverknad skal skje Kva som er føremålet med samtalen Situasjonen eller saka Kva det eleven fortel kan føre til Kva skulen skal gjere for å rette opp i situasjonen og følgje opp eleven	Når saker oppstår og som del av prosessen med undersøking og eventuell vurdering av relevante tiltak for å betra skulemiljøet.	
--	---	--	--

§ 12-4 Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skulen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld og når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skulen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak, aktivitetsplan. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse*
- b. kva tiltak skolen har planlagt*
- c. når tiltaka skal gjennomførast*
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka*
- e. når tiltaka skal evaluerast*



Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

Kva	Korleis	Når	Kven
Aktivitetsplikta (§§ 12-4 og 12-5)	Aktivitetsplikten omfattar 6 delplikter: <ol style="list-style-type: none">1. Følgje med2. Gripe inn3. Varsle	Når krenking vert avdekket og aktivitetsplikta inntreffer.	Alle som jobbar på skulen/den som avdekkar
	<ol style="list-style-type: none">4. Undersøke5. Sette inn tiltak6. Dokumentere		Rektor
Aktivitetsplikta (§§ 12-4 og 12-5)	Alle som jobbar på skulen har ansvar for å følgje med på om alle elever, og særskilt sårbare barn, har et trygt og godt skolemiljø	Dagleg – individuell plikt	Alle som jobbar på skulen



	<p>og trinnmøter-internt og tverrfaglig</p> <ul style="list-style-type: none">• Elevundersøkinga (7.-10. trinn) vert gjennomført kvar haust• Spekter (Læringsmiljøsentret)• Sosiometrisk undersøkelse <p>Observasjon og inspeksjon</p> <ul style="list-style-type: none">• Skulane skal ha gode rutinar for inspeksjon• Dei som har inspeksjon må aktivt observere og vere tydeleg tilstade for elevene• Dei som har inspeksjon må undersøke og gripe inn om dei mistenkjer krenkjing og ha låg terskel for å informere kontaktlærar og leiing om hendingar i friminutt		<p>Rektor Alle tilsette</p>
--	--	--	---------------------------------



Lærdal kommune

<p>2. Plikt til å gripe inn</p>	<p>Grip inn umiddelbart og stopp krenking</p> <p>Dersom du overhører hatytring eller observerer krenking som utestenging og baksnakking, skal du gripe inn umiddelbart og stoppe situasjonen</p> <p>Plikta er begrensa til inngrep som er mulig å gjennomføre. Det betyr at ansatte ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølv eller krenke elevar for å få stoppe situasjonen, med mindre det er nødrett eller nødverge; jf. forskrift om ordenreglement for grunnskulane i Lærdal kommune.</p>	<p>Når situasjonar oppstår – individuell plikt</p>	<p>Alle som jobbar på skulen.</p>
---------------------------------	---	--	-----------------------------------



<p>3. Plikt til å varsle</p>	<p>Alle som jobbar på skulen, skal varsle rektor umiddelbart dersom ein får mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette skal sikre at rektor får oversikt over korleis elevane har det på skulen og vil vere eit godt utgangspunkt for å følgje opp enkeltsaker.</p> <p>Foresatte vert informert.</p> <p>Skulen må undersøke snarast og trygge føresette.</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlige tilfeller. (t.d. særleg valdelege og integritetskrenkande tilfeller, grove truslar, saker som skulen ikke har klart å løyse)</p>	<p>Når mistanke, eller kjennskap oppstår – individuell plikt</p> <p>Når det oppstår alvorlige tilfeller</p>	<p>Alle som jobbar på skulen</p> <p>Rektor og kontaktlærer</p> <p>Rektor</p>
<p>4. Plikt til å undersøke</p>	<p>Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø skal skulen undersøke saka.</p> <p>Plikta til å undersøke betyr at skulen skal undersøke eleven si oppleving av skulemiljøet. Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven er blitt krenka eller mobba.</p>	<p>Når mistanke eller kjennskap oppstår, eller varsel er levert</p>	<p>Rektor og kontaktlærer</p>



	<p>Undersøking bør skje i samarbeid med rektor og kontaktlærer. Undersøkelsen skal alltid ta omsyn til eleven sitt beste og retten til å bli høyr, og bidra til å få fram mest mulig informasjon om saka.</p> <p>Undersøkinga bør innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none">• Samtale med lærar, og andre ansatte som kjenner eleven og saka• Samtale med elev som opplever krenking• Samtale med involverte elevar• Samtale med eleven sine føresette• Samtale med elev(ar) som er skulda for å stå bak krenkande atferd, og deira føresette• Samtale med medelever, ikkje om navngitt elev, men om det generelle psykososiale miljøet• Observasjonar – systematiske og usystematiske• Spekte undersøke - Sosisogram		
--	---	--	--



	<p>Undersøkelsen skal ende i ein konklusjon som dannar utgangspunkt for tiltak eller at saka vert avslutta</p> <p>Ved digital mobbing bør dialog med politi opprettast</p> <p>Rektor dokumenterer undersøkelsen – Visma Sikker Sak</p>		
5. Plikt til å sette inn tiltak	<p>Det vert utarbeida ein skriftleg aktivitetsplan/tiltaksplan i samarbeid med elev og føresette som skal sendast til føresette snarast mulig. Planen skal innehalde følgjande punkt:</p> <ul style="list-style-type: none">a) kva problem tiltaket skal løyse - problemskildringb) kva tiltak skulen har planlagtc) Når tiltakene skal gjennomførastd) Kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltakae) Når tiltaka skal evaluerast <p>Rektor sikrar at involverte elevar vert høyrte og får uttale seg om innhaldet i aktivitetsplanen.</p> <p>Skulen må og gjere faglege vurderingar når dei vurderer kva som er eleven sitt beste. Det kan bety</p>	<p>Aktivitetsplikta skal settast i verk dersom undersøking viser behov for det, eller når ein elev melder om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt</p> <p>Snarast</p>	Rektor



	<p>at skulen i somme tilfelle skal sette inn tiltak sjølv om eleven ikkje ynskjer det, eller andre tiltak enn det eleven sjølv ynskjer.</p> <p>Aktivitetsplanen skal gjelde fram til eleven har eit fullt ut trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Skulen skal fatte enkeltvedtak for tiltak som grip inn i rettane og pliktene til eleven. Til dømes bortvising eller byte av skule.</p> <p>Sjå Udir - tiltak med skulemiljø-aker</p>		Rektor
6.Dokumentasjon	<p>Skulen skal syte for forsvarleg dokumentasjon av arbeidet sitt.</p> <p>Døme på dokumentasjon er:</p> <ul style="list-style-type: none">• Oversikt over henvendingar frå elevar og føresette om skulemiljø• Trivselsundersøkingar, observasjonslogg frå friminutt	Generell dokumentasjon eller dokumentasjon i spesifikk sak.	Rektor/kontaktlærer



	<ul style="list-style-type: none"> • Nedskrivne munnlege meldingar, meldeskjema o.l • Referat frå eller notat frå samtalar med elevar og/eller føresette • Sosiogram – spekter <p>Kva som skal dokumenterast må tilpassast føremålet med dokumentasjonen. Systemet for dokumentasjon skal ikkje vere meir omfattande enn naudsynt. Visma Sikker Sak skal nyttast dersom saka gjeld ein elev.</p>		
--	---	--	--

§12-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev

Kva	Korleis	Når	Ansvar
<p>Plikt til å varsle, undersøke og sette i gang tiltak ved mistanke om at tilsett utset elev for krenkingar</p>	<p>Ved mistanke eller kjennskap til at nokon som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking så skal det meldast frå til rektor straks.</p> <p>Rektor skal melda frå til skuleeigar. Det er ikkje nødvendigvis slik at ein tilsett har krenkt ein elev sjølv om eleven kjenner seg</p>	<p>Når mistanke oppstår</p>	<p>Alle tilsette (skule, SFO, leksehjelp)</p> <p>Rektor</p>



	<p>krenkt. Forhold som ikkje gjeld mistanke om eller kjennskap til krenkingar, skal ikkje meldast vidare.</p> <p>Undersøking og tiltak skal setjast i verk straks. Når undersøkinga er gjennomført må rektor vurderer om prosedyre for klage på medarbeidar skal tre i kraft.</p> <p>Rektor må sikra at saka er dokumentert i Visma Sikker Sak, ev. også i Websak+ i samråd med Arkiv.</p> <p>Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 12-4 skal setjast i verk straks.</p>		<p>Rektor</p> <p>Rektor</p> <p>Kommunalsjef oppvekst og utdanning</p>
--	---	--	---